




Rutinedokument for handtering av personopplysningar i Noregs Ungdomslag

| | | |
|----|---|---|
| 1. | PERSONVERNERKLÆRING FOR NOREGS UNGDOMSLAG | 2 |
| 2. | PERSONVERN I INFORMASJONSARBEIDET | 3 |
| 3. | PERSONVERN I SAMBAND MED ARRANGEMENT | 4 |
| 4. | PERSONVERN I PERSONALFORVALTNINGA | 5 |
| 5. | PERSONVERN I MEDLEMSHANDTERINGA | 6 |

Sist revidert 25. mai 2018





1. Personvernerklæring for Noregs Ungdomslag

Denne personvernerklæringa gjer greie for Noregs Ungdomslags (NU) si handtering av personopplysningar som blir samla inn for å kunne utøve våre tenester ovanfor medlemmer og andre vi jobbar med.

Generalsekretær i organisasjonen er den som er ansvarleg for handsaminga om ikkje oppgåva er delegert. Førespurnad om innsyn, retting eller sletting av personalopplysningar kan gjerast ved å ta kontakt med NU-kontoret.

Medlemsskap

Er du medlem i eit lokallag i NU er du òg medlem i NU. Frå medlemmene våre hentar vi inn opplysningar om kjønn, namn, adresse, telefonnummer, fødselsdato og e-postadresse. Desse opplysningane er grunnlag for å rapportere på medlemstal for å ta imot offentlig tilskot til drift av organisasjonen. I tillegg treng vi kontaktinformasjon på medlemmer for å kunne gje eit tilstrekkeleg tilbod og informasjon knytt til medlemsskapet. Som medlem i NU samtykker du det organisasjonen brukar personopplysningar til, slik som medlemsblad, nyheitsbrev, invitasjonar til arrangement med meir. Dette kan du administrere på din profil under dynamisk data på medlemsregistret Hypersys: <https://ungdomslag.hypersys.no>

NU oppevarer informasjon om medlemskap i fem år i samsvar med rapporteringskrav.

E-post

Du kan sende e-post til oss, men hugs at alle verksemder er sårbare for datatjuveri. Du bør difor ikkje sende sensitivt innhald per e-post. Om vi tek imot ein slik e-post, handsamar vi e-posten i samsvar med innhald og sletter han med ein gong.

Nyheitsbrev

Som tillitsvalt i eit lokallag eller fylkeslag får du nyheitsbrev frå oss. Berre dei som har e-postadresse i medlemsystemet Hypersys får tilsendt nyheitsbrevet. Adressa lagrast i ein eigen database, delast ikkje med andre og e-postadressa slettast når den ikkje lengre er aktuell.

Bruk av informasjonskapslar (cookies)

Heimesida til NU, www.ungdomslag.no, brukar informasjonskapslar for samle informasjon om korleis besøkande nyttar nettsida. NU brukar denne informasjonen for å lage rapportar for å betre nettsida. Informasjonskapslane inneheld ikkje personopplysningar. Dei seier noko om talet på besøkande på nettsida, kvar dei kjem frå og kva sider dei besøker. Du kan sjølv forhindre at informasjonskapslar blir lagra på datamaskina di ved å endre innstillinga i nettlesaren.

Påmelding kurs og arrangement

Det er mogleg å melde seg på kurs va nettsida og nyheitsbrev våre. Knytt til dette samlar vi informasjon som namn og kontaktopplysningar i tillegg til allergiar og behov for tilrettelegging. Desse opplysningane blir ikkje brukt til andre formål enn å administrere arrangementa, statistikk og søkje om tilskot. Vi innhentar eigne samtykke for å kartlegge interesse og ønske om å ta imot invitasjon til nye arrangement.

Utlevering av personopplysningar til tredjepart

NU utleverer ikkje personopplysningar til andre, med mindre det føreligg lovbestemt opplysningsplikt ovanfor offentlege myndigheiter. Unntaket er adresseopplysningar til Flisa Trykkeri AS, som distribuerer medlemsbladet Ungdom til dei som har samtykka på å få dette i posten.



2. Personvern i informasjonsarbeidet

Bildesamtykke

Noregs Ungdomslag innhentar aktivt samtykke om bilde av deltakarar ved påmelding. Det vert spesifisert i førespurnaden av at bilde/video vil kunne nyttast i digitalt og trykt marknadsføringsmaterieil til bruk for organisasjonen og liknande arrangement. Om bilda skal nyttast av andre, til dømes paraplyar som LNU og studieforbundet, skal det innhentast ekstra samtykke til dette formålet.

Uredigerte og ubrukte bilde blir lagra i bildearkivet til sekretariatet, og blir sletta når året er omme. Eit knippe redigerte bilde/video blir publiserte på sosiale medium og på organisasjonen sin konto på bildedelingstenesta Flickr. Desse bilda vert tagga med personnamn og andre nøkkelopplysningar. Bilda vert liggande i bildearkivet, med mindre enkeltpersonar ber om å få fjerna opplysningane sine, og dermed bilda dei er med på. Ved filming av prosjekt som Folkepedia der barn og ungdom er aktørar, vert det innhenta skrifteleg signatur frå både deltakar og føresette i forkant på ein eigen intensjonsavtale.

Sende medlemsblad i posten

Noregs Ungdomslag innhentar aktivt samtykke om å få medlemsbladet Ungdom eller Norsk Barneblad i posten. Berre dei som har samtykka får tilsendt bladet, og ein kan sjølv gå inn i medlemssystemet Hypersys og endre dette. Det blir teke uttrekk frå medlemssystemet for kvar utgåve av medlemsbladet, og listene blir sletta frå gong til gong. Adresselistene blir delt med trykkeria som sender blada direkte ut, men dei tek ikkje vare på listene vidare eller deler dei vidare med andre.

Sende nyheitsbrev til styremedlemmer i lokallag/fylkeslag

Noregs Ungdomslag sender ein gong i månaden ut nyheitsbrev til tillitsvalte i organisasjonen. Berre dei som har e-postadresse i medlemssystemet Hypersys får tilsendt nyheitsbrevet, og det er mogleg å melde seg av mottakarlista.

Sende informasjon til tidlegare deltakarar på kurs/arrangement

Noregs Ungdomslag innhentar eigne samtykke for å kartlegge interesse og ønske om å ta imot invitasjon til nye arrangement av dei som har delteke på kurs eller arrangement i regi av organisasjonen. Dette skjer ved påmelding til kurset/arrangementet. Desse opplysningane blir berre lagra i eit år, og skal ikkje brukast til anna informasjon eller delast med tredjepart.

Bruk av informasjonskapslar (cookies)

Heimesida til NU, www.ungdomslag.no, brukar informasjonskapslar for samle informasjon om korleis besøkande nyttar nettsida. NU brukar denne informasjonen for å lage rapportar for å betre nettsida. Informasjonskapslane inneheld ikkje personopplysningar. Dei seier noko om talet på besøkande på nettsida, kvar dei kjem frå og kva sider dei besøker. Du kan sjølv forhindre at informasjonskapslar blir lagra på datamaskina di ved å endre innstillinga i nettlesaren.

Merke nokon i bilde eller tekst på sosiale medium

Noregs Ungdomslag innhentar aktivt samtykke om ein person skal bli merkt (tagga) i eit innlegg som skal bli delt på sosiale medium som til dømes Facebook eller Instagram. Det er høve til å svare nei.



3. Personvern i samband med arrangement

Kvart år arrangerer sentralledet landsmøte, landsrådsmøte, sommarleir og sentrale instruktørkurs. For kvart av desse arrangementa skal det bli oppnemnt ein arrangementsansvarleg som skal sørge for at personvernsrutinane blir ivaretekne før, under og etter kvart einskild arrangement.

Bruk av personopplysningar

I samband med arrangement og sentrale kurs innhentar Noregs Ungdomslag personopplysningar som namn, postadresse, e-post, telefonnummer, alder og kjønn. Kontaktinformasjon som telefonnummer og e-postadresse er naudsynt for informasjonsfremål i samband med arrangementet. Eksterne kurshaldarar og andre medhjelparar kan få lese-tilgang til desse listene før og under arrangementet gjennom til dømes Google Spreadsheets og Google Docs. Desse tilgangane vert fjerna i etterkant av arrangementet.

Alder og kjønn er relevant for tilrettelegging under arrangementet og statistikkfremål. I samsvar med organisasjonen si personvernerklæring skal andre personopplysningar enn dette bli sletta i etterkant av arrangementet, med unntak av eventuelle bilde som deltakaren har samtykka til.

Bruk av helseopplysningar

Av sensitive personopplysningar har Noregs Ungdomslag berre behov for å innhente helseopplysningar som matallergiar, diettbehov og anna som er naudsynt for best mogleg tilrettelegging for deltakaren på kurset/arrangementet. Desse opplysningane er tilgjengelege for sekretariatet via fellesarkivet.


Kjøkkenpersonell får vite talet og innhaldet av ulike allergiar og diettbehov, men får ikkje vite kven dette gjeld med mindre dette er eit spesifisert ønske frå deltakaren si side. Allergiar og andre helseopplysningar om den enkelte sin allmentilstand kan etter ei skjønnsvurdering delast med kursinstruktørar eller arrangørar ved munnleg orientering om det gjeld eit fåtal deltakarar. Helseopplysningar blir fjerna frå deltakaroversikter i etterkant av arrangementet. Det same gjeld epostar der dette er nemnd.

Samtykke frå føresette

Ved påmelding til arrangement, ber vi om kontaktinformasjon (telefon og e-post) på føresette for dei under 18 år, slik at vi kan kontrollere samtykke for personopplysningar og sensitive opplysningar.

Politiattestar

Noregs Ungdomslag hentar inn politiattestar for instruktørar på sentrale kurs, samt tilsette og frivillige ansvarspersonar på organisasjonen sin sommarleir.





4. Personvern i personalforvaltninga

Personalforvaltning og personaladministrasjon medfører behandling av data om personar som har både eit fast eller mellombels tilsetjingsforhold i Noregs Ungdomslag. I hovudsak handlar dette om dei fem fast tilsette på kontoret, men NU kan også engasjere personar på timesbasis eller for tidsavgrensa oppdrag, som ein også handterer persondata for.

Lagring av persondata

All persondata som blir innhenta til NU si personalforvaltning, skal lagrast i det elektroniske personalarkivet. Dette er eit arkiv som berre generalsekretæren som har tilgang til. Det fysiske personalarkivet, med ei mappe per tilsett, blir destruert ved innføringa av GDPR i mai 2018.

Opplysningar som blir lagra

Opplysningar blir lagra i personalarkivet etter ein eigen arkivnøkkel. Dokumenta som inneheld persondata er i hovudsak:

- Søknader, CV og søkjarlister til utlyste jobbar
- Søknader om permisjonar og ferier
- Referat frå personalsamtalar
- Opplysningar om løn og pensjonsvilkår

I tillegg leverer tilsette på kontoret timeskjema til generalsekretæren kvar måned. Desse blir lagra fysisk på generalsekretæren sitt kontor, men blir destruert ved kvart årsskifte når den tilsette leverer samla digital timeliste for heile året.

Alle desse opplysningane er nødvendig å ha lagra for å kunne ha ei aktiv personaloppfølging. Alle opplysningane knytt til ein person si stilling og tilsetjingsforhold, blir lagra så lenge vedkomande har eit tilsetjingsforhold i NU.

Av historiske dokument, inneheld personalarkivet i tillegg arbeidsattestar for tidlegare tilsette i NU.

Passord og tilgangskontroll

Alle tilsette i sekretariatet har tilgang til personopplysningar gjennom jobbdatabasen og smarttelefon. Begge deler skal vere passordbeskytta. Forlèt ein datamaskina for ein kortare periode, skal den tilsette låse skjermen inntil ein er tilbake ved pulten. Er ein på reise eller har heimekontor, er det viktig å passordbeskytte alt av personopplysningar slik at uvedkomande ikkje får tilgang.

Intern gjennomgang

Generalsekretæren har ansvar for å vurdere desse rutineane årleg. Då bør samtidig lagra data gjennomgåast, for å vurdere om her er innhenta opplysningar som det ikkje lengre er relevant å lagre.

Avvikshandtering

Sidan all data i utgangspunktet skal handterast elektronisk, er den største risikoen datainnbrot. Slike tilfelle meldast i så fall til datatilsynet, eventuelt som politisak.

Dersom det ved den årlege gjennomgangen blir avdekka at her er data som ikkje lengre er relevant å lagre, må desse slettast.



5. Personvern i medlemshandteringa

Noregs Ungdomslag si handtering av personopplysningar for medlemmer, skjer i all hovudsak gjennom medlemsregisteret Hypersys. Dette systemet vert drive av Unicornis AS, som NU har inngått eigen databehandlaravtale med.

Personopplysningane i medlemsregisteret må lagrast i 5 år. Dette er krav frå Fordelingsutvalet, som NU tek imot driftsstøtte frå. Med personopplysningar meiner ein namn, fødselsår, e-post og telefonnummer, samt opplysningar om kva lag ein er medlem i.

Medlemmer i laget må gi sitt samtykke til å stå registrert som medlem i laget. For medlemmer under 15 år må føresette gi slik samtykke på vegne av barna. Lokallaga må gjerast kjent med dette kravet.

Når eit medlem registrerer mobiltelefonnummer/e-postadresse, er dette å sjå på som eit samtykke til at organisasjonen kan kontakte vedkommande per e-post, SMS og telefon.

Styremedlemmer i lokallaga må ha tilgang til å registrere nye medlemmer og administrere medlemslistene til laget, for å drifte lokallaget.

For å kunne være sørvisledd for lokallaga og medlemmane i sin region må styremedlemer og eventuelle tilsette i fylkeslaga ha tilgang, til lagsprofilar og medlemslister i lokallaga.

For at Noregs Ungdomslag skal kunne være ein organisasjon som yter sørvis til medlemmer, lokallag og fylkeslag må tilsette og styremedlemmer ha tilgang til medlemslister med personopplysningar.

